

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy

Emne: Beit

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

BEIT OG BROM.

1. Beit som fór har vore nytta her. Det vart teke vinters-
tid, av bjørk. Namnet brom kjenner ein ikkje her.
2. Skulde ein hente beit frå skogen eins erend, vart
det kalla: å reise på beitskogen. Sers beitslede har
ikkje vore brukt.
3. Det mest vanlege var at ein tok heim vinterveden
i heile tre, og so hogde av kvistene heime i tunet.
Det var helst på etterjulsvinteren ein nytta beit og, lik-
som med skav.
4. Sigd var mest brukt ^{når ein} ~~ikkje~~ hente beit.
5. Det er helst kua som får beit, og då ikkje blanda
med anna for, men for seg sjølv.
6. Å sleppe krøtera bort i beitskosten, har ikkje vore
brukt. Det kunne vere den tid dei heldt geit, det.
7. Skikken å hente beit på fastande hjarte på lang-
fredag, kjenner ein ikkje til her.

Oppskrifta etter Ingebrigt Dalset, f. 1872, gardbr. h.v.

